

Sak	Leing og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering
Dato utsendt på høyring	21.11.16
Høyringsfrist	9.12.16
Send høyringsinnspel til	post@hib.no ; postmottak@hsh.no ; post@hisf.no
Bakgrunn for saka	<p>Avgjerd om leing og fagleg organisering er sentralt i forminga av HVL. Delprosjektgruppa fekk i mandat å legge fram forslag til organisering av den faglege verksemda på nivå 1 og 2, samt prinsipp for nivå 3. Delprosjektgruppa legg i vedlagte rapport fram sine vurderingar og alternative løysingar. I vedlagte høyringsbrev framgår dei sentrale spørsmåla, og dei er også løfta fram som eigne punkt i dette skjemaet.</p> <p>Høyringa vert sendt ut til avdelingar og administrative einingar, til dei tilsette sine organisasjonar og studentparlamenta, og ein ber om at einingane svarer samla (Innspel frå underliggjande einingar/miljø følgjer som vedlegg).</p>
Me ønskjer spesielt innspel på (frå rapporten):	
Kap 2	Er premissane og inngangen tydeleg og meiningsfull?
Kap 3	<p>Er modelltypane - profesjon vs. kunnskapsområde - tilstrekkeleg forklarte?</p> <p>Profesjon vs. kunnskapsområde på nivå 2 – kva modell vil vere best for at HVL skal nå sine mål?</p> <p>Skal HVL ha meir enn 3 fakultet?</p> <p>Bør fakulteta ha omtrent same storleik?</p> <p>Er forslaga til namn på fakulteta dekkjande, har de alternative namn?</p> <p>Er disiplinfaga si rolle i HVL ivareteke med 3 fakultet?</p>
Kap 4	<p>Er prinsippa for nivå 3 dekkjande for å realisere fusjonsambisjonen?</p> <p>Er prinsippa for smale eller for vide?</p>
Kap 5	<p>Skal ein ha reint rektorat eller skal toppleiinga og ha leiarar med særleg administrativ kompetanse og ansvar?</p> <p>I høyringsutkastet er det foreslått funksjonsansvar til leiarane på nivå 1 – er desse område gode, har de andre forslag?</p> <p>Høyringsutkastet foreslår at det skal vere prodekanar – og skisserer ulikt ansvarsområde for desse (speile prorektor, geografisk/nærregion, støtte for dekan, etter dekanens behov) – kva er mest tenleg?</p>

Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

	Er prinsippa for leiing på nivå 3 tydelege nok for vidare operasjonalisering? Er dei råd og utval som er omtale i høyringsutkastet tenlege? Er det utval eller liknande som manglar?
Ansvarleg	Prosjekt Fagleg og administrativ organisering – Delprosjekt Leiing og fagleg organisering
Utsendar	Prosjektsekretariatet

Sak	Leiing og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering
Høyringsinstans (svarar)	NSF, HSH
Ev. prosess bak høyringsinnspelet	Medlemsmøte, quest back til medlemmer, HTV deltatt på møte med øvrige HTV i HSH, HiSF og HIB.
Innspel Bruk fleire sider om det trengs	
Kap 2	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>NSF er bekymra for at universitetsambisjonen kan gå utover kvaliteten i profesjonsutdanningane, med tanke på at ein må «overføre» meir ressursar til forskning. For å utdanne gode kandidatar i sjukepleie krev det god undervisning og oppfølging i praksis, samt tett dialog med praksis. NSF sine medlemmer er uroa for at mindre ressursar kan gå utover kvaliteten i studiet og dei kandidatane som blir uteksaminerte frå HVL, og kva dette kan ha å seie for pasientsikkerheten.</p> <p>Modell: NSF sine medlemmer tenkjer: Profesjon eller Kunnskap.</p> <p>NSF sine medlemmer er ikkje eintydige i om ein bør gå for ein profesjonsmodell eller ein kunnskapsmodell. Sjukepleiefaget er ei profesjonsutdanning med ein tydelig rammeplan. Kunnskapsmodellen er gjerne meir framtidsretta, og gir gjerne fleire muligheiter, men er kanskje meir krevjande?</p>
Kap 3	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>NSF tenkjer at det er viktig at fakulteta er nokolunde lik i størrelse, og støttar modellen om 3 fakultet. Eit fjerde fakultet vil gjerne krevje meir administrative ressursar, og vil gjerne også gi ein økonomisk meirkostnad for HVL?</p> <p>NSF meiner at det er uheldig at enkelte profesjonar er framheva i namn på fakultet og andre ikkje. Skal ein oppretthalde «lærer og ingeniør fag» i fakultet namn skal også sjukepleie inn i fakultet namn på «helse», sjukepleie er den største profesjonen i HVL.</p> <p>I fusjonsplattformen står det at HVL er skal vera tydelig retta mot regionale behov og arbeidsmarknaden med vekt på profesjonsutdanningar.</p>

	<p>Behovet for sjukepleiarar på bachelornivå, og sjukepleiarar med avansert kunnskap på masternivå vil bli særlig etterspurt regionalt og nasjonalt i tida framover. Det er viktig at HVL satsar på god undervisning og forskning i forhold til grunnutdanning, men og i forhold til utvikling av behovet for avansert sjukepleie på masternivå. For at HVL skal vera ein attraktiv arbeidsstad må ein skape attraktive forskningsmiljø for dei ansatte, og gode læringsmiljø for studentane.</p> <p>Som nevnt ovenfor er medlemmene ikkje eintydige i om ein bør gå for ein profesjonsmodell eller ein kunnskapsmodell. I fusjonsplattformen står det at ein skal «byggje sterkare og meir solide fagmiljø, videreutvikle studiestadene, ta vare på regionrolla, konkurransedyktig og attraktiv for studentar og fagtilsette». Ut i frå høyringa er det litt vanskelig å få ein god oversikt over kva kunnskapsmodellen vil innebera i forhold til dei ulike institutta, og kva for «gamle» fagområde dei ulike institutta i kunnskapsmodellen skal bestå av? (Eks betyr det at dei ulike institutta innanfor helse, velferd og omsorg kun kjem i frå sjukepleie, ergo, fysio etc eller innbefatter det eks lærar fag og?).</p> <p>Ut i frå erfaringa vår ved HSH avdeling for sjukepleie, Stord og Haugesund veit vi at det tar tid å bygge kultur og utarbeiding av felles studieprogram og emner. Profesjonsmodellen vil nok vera ein «smidigare prosess», både for tilsette og leiarar.</p> <p>Eller ein kan gå for ein hybridmodell med overbyggande program på høgara nivå, master og phd.</p>
<p>Kap 4</p>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Organisering på nivå 3 kunne vore meir utdjupa jamfør punkt 4.1, 4.2 og 4.3 .</p> <p>NSF er synes leiinga synes å være veldig topptung Høyringa gir lite svar på leiing på nivå 3 og 4.</p> <p>NSF sine medlemmer er opptatt av korleis leiing blir i forhold til den enkelte tilsett og i forhold til de ulike campusane, gitt at ein leiar ikkje skal ha ansvar for meir enn 20-25 tilsette.</p> <p>NSF sine medlemmer er og opptatt av om ein får ein leiar på det aktuelle campus og myndigheita i forhold til økonomi.</p>
<p>Kap 5</p>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>NSF er synes leiinga synes å være veldig topptung Høyringa gir lite svar på leiing på nivå 3 og 4.</p> <p>NSF sine medlemmer er opptatt av korleis leiing blir i forhold til den enkelte tilsett og i forhold til de ulike campusane, gitt at ein leiar ikkje skal ha ansvar for meir enn 20-25 tilsette.</p>

Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

	<p>NSF sine medlemmer er og opptatt av om ein får ein leiar på det aktuelle campus og myndigheita i forhold til økonomi.</p> <p>NSF meiner at ein bør unngå råd som ikkje har mynde. Det er viktig at tilsette har medbestemmelse i HVL. NSF foreslår at det blir innført instituttstyre i staden for instituttråd, eller styrking av IDF modellen.</p>
Andre merknader	

HØYRINGSINNSPEL